

Arkivreferanse: 2021/34
Ansvarleg direktør: Øyvind Bakke
Saksbehandlar: Heidi Nilsen

SAKSFRAMLEGG

Saksnummer	Møtedato	Utval
13/21	27.01.2021	Styret i Helse Møre og Romsdal HF

Sjukehuset Nordmøre og Romsdal – Nye entreprisar knytt til ny gjennomføringsmodell for SNR

Forslag til vedtak:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF gir si tilslutting til ny gjennomføringsmodell som medfører oppdeling av prosjektgjennomføringa i fleire entreprisar og ber om at endeleg gjennomføringsmodell for SNR blir lagt fram for godkjenning i styremøte i mars.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal HF gir si tilslutting til at entreprisane som er presentert i saka blir lyst ut, og at entreprisane som blir lyst ut før endeleg finansieringa er vedteke blir lyst ut med atterhald om godkjenning av utvida låneramme frå Helse Midt-Norge.

Ålesund, 26.01.2021

Øyvind Bakke
adm. direktør

Saksutgreiing:

1. Føremål med styresaka

Føremålet med styresaka er å følgje opp vedtaket gjort av styret i møte 21.01.21 for å sikre framdrift i realiseringa av Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR). I saka blir styret bedt om å vedta utlysing av fleire entrepriser for å sikre naudsynt framdrift i prosjektet

2. Bakgrunn

Styret for Helse Møre og Romsdal gjorde i styremøte 12.09.18 (sak 39/2018) vedtak om entreprisemodell for SNR som innebar ein totalentreprise med samhandling. Etter at styret i styremøtet 21.01.21 (sak 2/21) vedtok å avlyse resterende arbeid i kontrakten med Skanska, må styret ta stilling til ein ny gjennomføringsmodell for SNR-prosjektet.

I møtet 21.01.21 gjorde styret i Helse Møre og Romsdal følgjande vedtak i sak 2/21:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF slår fast at SNR skal realiserast i tråd med det konseptet som er utvikla i samhandlingsfasen.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal HF registrerer at føretaket ikkje har vorte samde med Skanska Norge AS om pristilbod og ber adm. direktør avbestille resterende arbeid i kontrakten som er inngått 22.10.2019. Denne avbestillinga gjeld ikkje bestillingane knytt til rigg- og førebuande arbeid datert 12.11.2020.
3. Styret for Helse Møre og Romsdal HF ber adm. direktør ved prosjektstyret for SNR om at det vert utarbeidd ny gjennomføringsmodell for prosjektet som blir lagt fram for styret for godkjenning.
4. Styret ber adm. direktør legge frem ein ny fullmaktsstruktur for prosjektet.
5. Styret for Helse Møre og Romsdal HF ber adm. direktør sikre god framdrift og at ein kjem i gang med grunnarbeidet så raskt som mogleg. Styret ber om å bli haldt jamleg orientert.
6. Styret for Helse Møre og Romsdal HF vedtar ei ny ramme for HMR (P-70) for prosjektet på 5,8 mrd. Kroner (september 2020-kroner). Styret vil også anbefale HMN å ta høgde for ei kostnadsramme (P-85) på 5,95 mrd. kroner (september 2020-kroner).
7. Styret for Helse Møre og Romsdal HF ber Helse Midt-Norge RHF om ei auka låneramma med 590 mill. kroner og at 220 mill. kroner finansierast gjennom sal av eigedom. Totalt 5,95 mrd. kroner (P-85, september 2020-kroner).
8. Styret for Helse Møre og Romsdal HF sender over vedtakspunkt 6 og 7 i saka til Helse Midt-Norge RHF og ber om godkjenning.

3. Ny gjennomføringsmodell

Prosjektstyret har i møte 25.-26.01.21 vurdert ny gjennomføringsmodell for prosjektet. Prosjektstyret vurderer entreprenørmarknaden for store, komplekse total-totalentreprisar som vanskeleg, og innstiller med bakgrunn i dette å dele prosjektet opp i fleire og mindre totalentreprisar. Prosjektstyret vurderer at mindre entrepriser vil leggje til rette for betre og breiare konkurranse, enn ein stor totalentreprise for heile prosjektet. Prosjektstyret konkluderer i si tilråding til adm.dir. at prosjektet må bevege seg mot ei oppdeling i fleire totalentreprisar, og at entreprisar innan prosjekterings- og arkitekttenester, fundament, råbygg og tettbygg, grunnarbeid, teknisk bygg og boligrigg må kontraherast tidleg.

Prosjektstyret tilrår følgjande tilbodskonkurransar – våren 2021

- Prosjektering: utlysing snarast. Oppstart i mai
- Arkitekt: utlysing snarast. Oppstart i mai

- Grunnarbeid: Konkurransen ut medio februar. Oppstart tidleg i juni
- Fundament, råbygg og tett bygg: Konkurransen ut i slutten av februar, oppstart mot slutten av august.
- Teknisk bygg: utlysing i slutten av februar, oppstart mot slutten av august
- Bustadrigg: utlysing tidleg i mars, oppstart i midten av august

Konkurransane blir lyst ut for å sikre framdrift og kontinuitet i prosjektering og produksjon, herunder førebuing til påfølgjande tilbodskonkurransar utover året 2021. Planen er å ha kontrahert 2/3 av alle entreprisar for akuttsjukehuset innan utgangen av 2021. I gjennomføringa av dei første konkurransane tek HMR atterhald om godkjenning av utvida låneramme frå Helse Midt-Norge

Kontraheringsplanen inneber byggestart i juni 2021

5. Administrerende direktør si vurdering

Adm. direktør er oppteken av å sikre framdrift og ei god realisering av Sjukehuset Nordmøre og Romsdal med vedtatte funksjonar og tilbod. Det blir difor lagt opp til å lyse ut seks konkurransegrunnlag dei neste seks vekene. Det leggstes også til rette for at styret i HMR så raskt som mogeleg får framlagt ei sak med forslag til ny detaljert gjennomføringsmodell for prosjektet. Avlysinga av resterande arbeid i kontrakten med Skanska har skapt uro og usikkerheit både internt og eksternt. Adm. direktør vurderar difor at det er avgjerande å sikre framdrift i prosjektet ved at dei skisserte entreprisane blir lyst ut i marknaden i tråd med skissert plan.

Adm. direktør legg i forslaget til vedtak til grunn at eit samla prosjektstyret tilrår å dele bygginga av akuttsjukehuset på Hjelset opp i fleire entreprisar. Ein detaljert kontrakts- og gjennomføringsstrategi for prosjektet vil bli lagt fram til handsaming i for styret i møtet 03.03.21. Da blir det også lagt fram forslag til nytt styringsdokument for prosjektet, oppdatert mandat for prosjektet, samt ny fullmaktsmatrise for prosjektet

Styret vil jamleg få ei orientering om framdrift og økonomisk utvikling i prosjektet mellom anna gjennom rapportering på prognose.